

Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 20.04.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 12.00 - 15.00

Møtedeltakarar	Parti
Eva Songe Paulsen	
Marita Lindal Haug	
Øystein Wigestrland	SP

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Kristine Langøy	
Lars Olav Fjetland	

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Line Skaar Madsen	
Rune Roalkvam	

Andre:

Orienteringar før møtet:

Inkluderande arbeidsliv v/einingsleiar Nav Anne Birkeland

Vald i nære relasjonar v/Lisebeth Gjose og Ester Thorsen

Møtesekretær:

Marit Bog

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
008/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
009/26	Godkjenning av møteprotokoll	
010/26	Meldingar	
011/26	Demensvennleg samfunn - samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen	
012/26	Skulemåltid	
013/26	Årsmelding 2025	
014/26	Vinjarheim - riving av 3 omsorgsbustader	
015/26	Revidering av retningslinjer for Tilskotsordningar for kultur, idrett- og nærmiljøtiltak	

008/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Rådet tek inn følgjande meldingar på sakskartet:

ME 4 - Universell utforming gata

ME 5 - Informasjon

Samrøystes.

RÅDF - 008/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre med følgjande merknadar:

Rådet tek inn følgjande meldingar på sakskartet:

ME 4 - Universell utforming gata

ME 5 - Informasjon

009/26 Godkjenning av møteprotokoll

Protokollen frå førre møte blir godkjent slik han ligg føre.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

RÅDF - 009/26 Vedtak:

Protokollen frå førre møte blir godkjent slik han ligg føre.

010/26 Meldingar

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

ME 1 Sak om revidering av retningslinjer for kulturmidlar vert ettersendt ved tilleggsinnkalling. Til vitande.

ME 2 Årshjul RMNF.

Rådet ønskjer årshjul som eit fast punkt på saklista.

Rådet ønskjer ein kontaktperson i kommunen som gjeld universell utforming. For arbeid som pågår i gata, samt andre prosjekt der dette er aktuelt. Om det ikkje let seg gjere med ein

kontaktperson, ønskjer rådet at dei blir meir løpande orientert om saker som gjeld universell utforming.

ME 3 Tilgjengelege museum - rapport og internt arbeidsdokument.
Rådet har fått kopi av rapporten frå museet etter bidrag inn i arbeidet.

ME 4 Universell utforming gata.
Rådet vil etter møtet senda ein uttale til kommunen om arbeidet som pågår.

ME 5 Informasjon.
Rådet ønskjer å ha med ein post for informasjon i kvart møte. Dette for å dela informasjon frå ulike møter eller foredrag ein har vore på.

RÅDF - 010/26 Vedtak:

Jamfør kvart punkt.

011/26 Demensvennleg samfunn - samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunedirektøren innstiller på at Suldal kommune inngår samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Til vitande.
Samrøystes.

RÅDF - 011/26 Vedtak:

Rådet tek saka til vitande.

20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 011/26 Vedtak:

Teke til vitande

012/26 Skulemåltid

Kommunedirektøren si innstilling

Innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulen kan ha positive effektar for elevane og vera ei god ordning for å sikra mest mogleg like føresetnader for eit sunt kosthald. Det vil vera ei ordning som kan ha ei positiv effekt for folkehelsa. Ordninga krev større investeringar i personale, utstyr og bygg. Kommunedirektøren meiner difor at ei avgjerd knytt til innføring av eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulane må setjast på vent til ein har konkludert med kva skulestruktur Suldal kommune skal ha i framtida, slik at ein kan prosjektera skulemåltidsordninga etter dette. Dette vil gi eit meir realistisk kostnadsbilete og legge føringar for praktisk gjennomføring av ordninga.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Til vitande.
Samrøystes.

RÅDF - 012/26 Vedtak:

Rådet tek saka til vitande.

013/26 Årsmelding 2025

Kommunedirektøren si innstilling

Årsmeldinga for 2025 vert vedteken slik den ligg føre, dagsett april 2026

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

RÅDF - 013/26 Vedtak:

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 009/26 Vedtak:

Grunna tekniske problem får me ikkje opp tekst, berre overskrifter. Har ikkje fått lese årsmeldinga.

014/26 Vinjarheim - riving av 3 omsorgsbustader

Kommunedirektøren si innstilling

1. Bygningen som husar 3 omsorgsleilegheiter ved Vinjarheim vert reve med bakgrunn i fakta i denne saka.

Tiltaket blir finansiert ved:

Rivinga vert finansiert innafor prosjektramma for Vinjarheim bufellesskap.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Til vitande.
Samrøystes.

RÅDF - 014/26 Vedtak:

Rådet tek saka til vitande.
20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 008/26 Vedtak:

Teke til vitande. Elles er det innspel om at Eldrerådet ønskjer det skal heite Vinjarheim framleis.

015/26 Revidering av retningslinjer for Tilskotsordningar for kultur, idrett- og nærmiljøtiltak

Kommunedirektøren si innstilling

- Kommunestyret vedtar vedlagte retningslinjer for kulturmidlar.
- Kommunestyret delegerer til grendeutvala å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor eigne rammer.
- Kommunestyret delegerer til idrettsrådet å fatte enkeltvedtak om tilskot innanfor eigne rammer.
- Tildelingsbrev frå grendeutval, idrettsråd og administrasjonen er enkeltvedtak med ordinær klagerett til hovudutval for kultur.
- Kommunen beheld ansvar for større tiltak og ordningar som ikkje er delegert.
- Administrasjonen legg årleg fram samla oversikt over alle tildelingar til politisk orientering.

20.04.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

RMNF tek saka til vitande med følgjande kommentar:
Søknader som legg særleg vekt på inkludering, mellom anna av menneske med nedsett funksjonsevne, bør prioriterast.

Samrøystes.

RÅDF - 015/26 Vedtak:

RMNF tek saka til vitande med følgjande kommentar:
Søknader som legg særleg vekt på inkludering, mellom anna av menneske med nedsett funksjonsevne, bør prioriterast.
20.04.2026 Eldrerådet

Handsaming:

ELDR - 012/26 Vedtak:

Teke til vitande